

Til NGIR

Manger, 23. mai 2016

Uttale til NGIR frå Radøy formannskap.

Radøy formannskap drøfta i møte den 11. mai 2016 NGIR si innføring av forbod mot traktorleveransar ved gjenbruksstasjonen på Manger, og me gjev følgjande uttale:

Radøy kommune ber NGIR vurdera alternativ til forbodet mot traktorar på gjenbruksstasjonen på Manger.

Radøy kommune har motteke ei rekke kritiske merknader til forbodet mot traktorar ved gjenbruksstasjonen, og fleire har bede kommunen oppmoda NGIR om å reversera forbodet. Me er fullstendig klar over at gjenbruksstasjonen er for mottak av hushaldsavfall og ikkje næringsavfall. Me oppsummerer nokre av merknadene slik:

1. **Traktor er for mange eit transportmiddel også for leveranse av hushaldsavfall.** Mange i Radøy har traktor sjølv om gradsdrifta er vekkleid, så transport med traktor er også hushaldsavfallstransport.
2. **Forbodet kan gje auka forsøpling.** NGIR si ordning med desentraliserte gjenbruksstasjonar må vera ein miljømessig suksess. Statistikk viser at i levert kilo avfall pr innbyggjar så skårar Radøy høgt. Me tilskriv plasseringa av gjenbruksstasjonen på Manger mykje av æra for dette. Radværingane sluttar opp om gjenbruksstasjonen, og den fører til gode haldningar hjå innbyggjarane i synet på avfallshandtering. Me er uroa for om traktorforbodet kan svekka desse haldningane og føra til meir brenning/nedgraving av avfall igjen.
3. **Forbodet er til ulempe for dei som bur langt unna Kjевikdalen** eller som ikkje har bil og hengar.
4. **Uklart tryggleiksargument.** Me deler vurderinga av at det i periodar er HMT-risiko med stor trafikk, og personar som ferdast innimellan køyretøya. Dette gjeld både traktorar og personbilar med hengar.
5. **Breiare vurderingar.** Me ber NGIR vurdera om leveransar med traktor kan gjeninnførast anten på særskilde levereringstidspunkt, eller ved å innføra ei leveringsavgift ved større kvanta levert på gjenbruksstasjonen.

Formannskapet i Radøy deler HMT-vurderinga som ligg til grunn for vedtaket. Me ber dykk likevel sjå nærmare på punkt 5, og vurdera eigne opningstider for levering med traktor/store køyretøy.

Radøy formannskap, etter fullmakt

Jon Askeland

Ordførar